

## Lovverk

Alle med behov for habilitering har rett til slik teneste, i følgje lov. Vi viser til eigne forskrifter om kva eit habiliteringstilbod skal innehalde.

## Korleis kontakte oss?

Som regel er det kommunen som tar første kontakt med seksjonen. Vår innsats er avhengig av at kommunen ønskjer eit samarbeid om oppgåver som ikkje vert dekt lokalt. Lege tilviser eller skal vera kjent med tilvisinga.

Når vi blir kontakta av pasient, pårørende, hjelpeverje eller andre avdelingar i spesialisthelsetenesta vil vi alltid kontakte det lokale hjelpeapparatet før vi startar samarbeidet.



**Vi har eigne tilvisningsskjema som de kan få tilsendt ved førespurnad til oss.**

# SEKSJON FOR HABILITERING

For meir informasjon eller kontakt – finn du oss ved:

Helse Sunnmøre HF

Ålesund sjukehus

Seksjon for habilitering

6026 ÅLESUND

Barn 70 10 64 43

[barnehabeksp@helse-sunnmore.no](mailto:barnehabeksp@helse-sunnmore.no)

Vaksen 70 10 61 36

[vaksenhabeksp@helse-sunnmore.no](mailto:vaksenhabeksp@helse-sunnmore.no)

## SEKSJON FOR HABILITERING

- Barn

- Vaksen

Her vil du finne informasjon om vår verksemd, dei tenestene vi kan tilby og korleis nå oss.



 **HELSE SUNNMØRE HF**  
Ålesund sjukehus

## Organisering

Habiliteringstenesta er knytt til Barneavdelinga ved sjukehuset i Ålesund og er ei statleg spesialisthelseteneste. Vi kan yte bistand til kommunane i arbeidet overfor menneske med behov for habilitering. Tenesta vert ytt i nært samarbeid med mottakar av habiliteringstilbodet og vedkomande sine nærpersonar.



## Kva er habilitering?

### For kven er habilitering?

Habilitering er eit planmessig arbeid for å støtte og utvikle fysisk, psykisk og sosial meistringsevne hos menneske med vedvarande funksjonsvanskar. Vanskane har oppstått tidleg i livet, før vaksenalder.

Tenesta legg vekt på sjølvstende og livskvalitet, ut frå mottakaren sine ønskjer og føresetnadar.

Habilitering omfattar kartlegging og tiltak på individ- og systemnivå.

*Det kan vera:*

- Undersøking, diagnostisering og behandling
- Rådgeving, vegleiing, prøve ut tiltak
- Informasjon, opplæring, kurs

Arbeidet skjer i eit fleirfagleg og tverretatleg samarbeid. Habilitering krev individuell tilpassing og er ofte ein livslang prosess.

Vanskane er ofte samansette, til dømes grunna i:

- motoriske funksjonsvanskar
- sansevanskar
- psykisk utviklingshemming
- tidleg utviklingsforstyrning



Barneteamet har ansvar for barn opp til 18 år. Vaksenteamet har ansvar frå 18 år. Livsløpsperspektiv er vektlagt.



## Habiliteringsseksjonen er tverrfagleg samansatt ved:

- pedagogar
- vernepleiarar
- fysioterapeutar
- ergoterapeutar
- sosionomar
- sjukepleiar
- legar
- psykologar

Seksjonsmedarbeidarane dekker i tillegg opp ei rekke spesialområde.

## Aktuelle samarbeidspartar ved planlegging av tiltak, behandling, råd og vegleiing:

- pasient/klient
- 1.-linjetenesta
- pårørande
- hjelpeverje
- brukarorganisasjonar
- andre statlege/regionale instansar.